

Årsmelding 2022

«Prosjekt Prestavikjo – eit nærmiljøanlegg for alle!»

Ressursgruppe:

Det blei våren 2022 spurt etter folk som kunne vera interesserte i å bidra i ei ressursgruppe for prosjektet. Mange meldte seg, og gruppa består i dag av:

Jon Bråtveit (leiar), Astrid Gundersen, Dag Fisketjøn, Hege Hiim Steine, Helen Moen Gjuvsland, Helge S. Lauvsnes, Jens Marcussen, Kjersti Moe, Neri Fisketjøn, Olav Berge Bakka, Raymond Krogh, Siri Handeland, Stian Ollila, Svein Øystein Berge, Tom Gardsteig, Tore Vik.

Bakgrunn

Prestavikjo stadion er ein fotballbane med godt kunstgras og ei flott plassering sentralt i bygda. Bortsett frå banedekket, er det ikkje lagt godt til rette til så mange andre fasiliteter.

Det er ein kiosk utan innlagt vatn/avløp, låg elektrisk kapasitet og tronge arbeidstilhøve.

Tribunen gir eit godt utsyn over banen, men er berre ein enkel trebenk.

Det er vatn til gjengeleg for publikum i ein krane, men det er ikkje toalettfasiliteter som det er naturleg å bruka.

Vinjar skule sine garderobar blir brukt til kamp, og det har vore mogleg å bruka toalett der oppe om nauda har vore stor, men då må ein ha nøkkel tilgjengeleg.

Stien mellom bane og garderobe var i svært dårleg tilstand.

Noko måtte gjerast.

Vurderingar

Det var tankar om å bygga eit klubbhus nede ved banen for å få klubblokale, toalett, garderobe, lagringsplass og kiosk i moderne standard. Men var det trong for fleire lokaler på Suldalsosen? Kunne ein heller nytta betre det som alt er på plass?

Tankar om å snu bruken av stadion slik at det blei naturleg å nytta Vinjar skule sine toalett, garderobar og foajè til klubblokale kom i sving. Skulle ein få det til, så burde ein «snu» stadion, få folk til å parkera og sitja på austsida av stadion i staden for på vestsida slik det er i dag. Då må det også vera tribune på denne sida, og enkelt å komma seg ned. Kiosken måtte også vera her.

Skal ein snu bruken, så er tribune starten på dette. Tribunebygging er ikkje spelemiddelprosjekt, derfor måtte me undersøkje om det var støtte og henta for å få bygd dette. Det var det, det er løyvd kr 100.000,- frå kvar av stiftingane til bankane Sparebanken Vest, SR-Bank og Sauda Sparebank. Me fekk også støtte frå Sparebankstiftelsen Sparebanken Vest til å rusta opp stien mellom bane og garderobe, noko som er gjennomført.

Det er skriven under avtale med Suldal kommune at Suldal idrettslag kan nytta garderobe, toalett og foajèen til arrangement, kamp og møteverksemd.

Så kom tankar om at ein ikkje har gunstige trenings- og kamptilhøve for dei yngste fotballspelarane. 5-7 år skal etter NFF sine retningslinjer spela 3'ar-fotball med vant. Det vanlege er då å kjøpa plastvant som ein set opp og tek ned kvar gong. Dette såg me på som ei lite haldbar løysning, me ønskjer heller permanente 3'ar-banar på ein eigen bane.

Me såg også at rulleskiopplæringa har lite gunstige kår. Rulleski er eit populært tiltak som skigruppa har. Dette blir gjort på dårleg opplyst parkeringsplass med trafikk. Ofte også grus på asfalten. Ei aktiv skigruppe burde ha tryggare og betre opplærings- og treningsområde. Dette kunne ein få til i Prestavikjo. Dessutan er det ikkje fint rundt kunstgrasbanen, der det er grus og ugras som veks. Området burde nyttast betre!

Planar:

Ting bala på seg. Når ein først går i gong med noko, kvifor ikkje gjera det skikkeleg? Laga eit nærmiljøanlegg som ikkje berre tek omsyn til aktivitetar som idrettslaget og folk i bygda alt driv med. Korleis kan må nå dei som ikkje går på ski og spelar fotball? Korleis kan me gjera Prestavikjo til ein møtestad på tvers av alder og interesser? Korleis kan ein få barn og unge som vil driva aktivitet ut, men ikkje alltid organisert og formelt? Me trong ein uformell møtestad der ein kunne driva ulike aktivitetar.

Små planar blei større, frå ein enkel pumptrack i kompisittmateriale som ikkje gav dei store utfordringane, til ein pumptrack i asfalt som gir større utfordringar og kreative rørslemønster. Frå tankar om eit betongdekke som kan isleggast om vinteren, til ein fleirbruksbane til ulike aktiviteter året rundt. Frå enkle treningsapparat til turnbasseng og balansepark. Fleire innspel kom frå bygdefolk, det var folkemøte i regi av Vinjar grendeutval, og me snakka med politikarar og administrasjon i kommunen. Signala var positive: Eit nærmiljøanlegg måtte ein få til!

Anlegg:

Det er mange tiltak me ønskjer å setta i gong med. 11 av desse er spelemiddel der kommunen dekkar 1/3, spelemiddel dekkar 1/3 på ordinære og store anlegg over kr 900.000,- og 50% på nærmiljøanlegg under kr 900.000,-

Her er tiltaka i prioritert rekkefølge:

1. Grunnarbeid og asfaltering, inkludert rulleski (spelemiddel)
2. Pumptrack (spelemiddel)
3. Granulatgjerde (pålagt)
4. Tribune
5. Universal tilkomst til tribune (spelemiddel)
6. 3 stk 3'ar-banar fotball (spelemiddel)
7. Kiosk (flytta nåverande kiosk i påvente av ny)
8. Fleirbruksbane (spelemiddel) (nærmiljøanlegg)
9. Turnbasseng (spelemiddel) (nærmiljøanlegg)
10. Balansepark (spelemiddel) (nærmiljøanlegg)
11. Lys (spelemiddel)
12. Padletennis (spelemiddel) (nærmiljøanlegg)
13. Sandvolleybane (spelemiddel) (nærmiljøanlegg)
14. Freesbeegolf (spelemiddel) (nærmiljøanlegg)
15. Benker, overbygg, grill
16. Pentanque-bane
17. Lyd
18. Resultattavle

Budsjett:

Det er samla inn prisar på arbeid og materiell gjennom vår og haust 2022. Budsjettet er planlagt så godt det har latt seg gjera utan å ha gått i detaljer på alt. Det er lagt inn 10% tillegg på alle innhenta prisar for å ta høgde for prisauke og uforutsette utgifter. Prisar er med mva. Det er lagt inn litt dugnad, men det har vore vanskeleg å planlegga tidsbruk her. Budsjettet haust 2022 har vore grunnlaget for søknadar til kommunal støtte og spelemidlar.

Finansieringsplan:

Samla budsjett på anlegget er 10,8 million kroner inkl. mva.

Dette vil utløysa 3,5 mill i spelemidlar og 3,1 mill i kommunalt bidrag. Resterande 4,15 mill fell på Suldal idrettslag. Sjå vedlagt budsjett.

Innsamla kapital pr 31.01.2023:

Eigenkapital frå kunstgrasprosjektet: kr 180.000,-

Sparebankstiftelsen Sparebanken Vest, tribune: kr 500.000

Sparebankstiftelsen Sparebanken Vest, tribune: kr 100.000

Sparebankstiftelsen SR-Bank, tribune: kr 100.000

Sparebankstiftelsen Sauda sparebank, tribune: kr 100.000

Ryfylkefondet: kr 400.000,-

Grieg Seafood: kr 100.000,-

Suldal kommune: kr 2.000.000,- (forskotering mva-kompensasjon)

Hjelmeland sparebank: kr 100.000,-

Norsk Stein: kr 20.000,-

Suldal bygdekvinnelag: kr 5.000,- + dugnad

TOTALT: kr 3.605.000,-

Manglar: kr 545.000,-

Førebels stipulert dugnad (montering 3'ar-bane og fleirbruksbane: kr 258.000,- eksl.mva.

Manglar medrekna dugnad: Om lag kr 300.000,-

Resterande midlar håpar me å få inn utover våren gjennom gaver, tilgang på masse, søknadar til stiftingar og næringsliv, samt meir dugnad.

NB: Det er verd å merka seg at spelemiddelprosjekt medfører tilbakeføring av mva-utlegg i prosjektperioden. Dette kan ein ikkje budsjettera med, men det er midlar som utbygger vil få tilbake når prosjektet er ferdigstilt. Suldal kommune har forskotert kr 2.000.000,- til prosjektet som Suldal IL må tilbakebetala. Det er derfor eit viktig insentiv for idrettslaget å prøva og henta inn ytterlegare midlar enn dei om lag kr 300.000,- som manglar på budsjettet. Kvar krone meir enn dette vil gi idrettslaget utteljing på momskompensasjon som kan sikra vidare drift, vedlikehald og invisteringar.

Det er lagt ned mykje arbeid i å søkja etter midlar. Det er søknadar me ikkje har fått svar på endå, søknadar som blir sendt våren 2023, og søknadar me har fått avslag på.

Søknadar, dispensasjonar og avtalar:

For å komma i gong, må ein del formelle ting på plass:

- Byggesøknad til kommunen, med dertil tilhøyrande nabovarslar. Avventar frist for nabovarslar.
- Dispensasjon frå tiltak i vernesone langs Suldalslågen. Blir sendt med byggesøknad.
- Dispensasjon frå tiltak i nærleiken av riksveg. Sendt.
- Avtale om bruk av Suldal kommune sine lokaler. OK
- Avtale om bruk av Suldal samfunnshus si tomt. OK
- Avtale om bruk av vegstubbe til rullestiløype. OK
- Spelemiddelsøknad med behovsvurderingar. Sendt.
- Entreprenør påtek seg ansvarsrett. BG Suldal.

Desse tinga er under handsaming pr 4. februar 2023.

Vegen vidare:

- Februar – april:
 - o Vedta prosjektet i Suldal idrettslag sitt årsmøte 2023.
 - o Innsamling av pristilbod på ulike anlegg og inngå avtale om desse.
 - o Vurdera og bestemma tribuneløysing og universell utforming.
 - o Vurdera behov for tilknytning av kiosk til vatn og avløp.
 - o Halda fram arbeid med å samla inn midlar.
 - o Laga dugnadslister og konkretisera dugnadsoppgåver.
- Etter påske:
 - o Gå i gong med grunnarbeid av pumtrack, rullestiløype og tribune.
- Før sommarferie:
 - o Ferdigstill pumtrack, rullestiløype og tribune.
- Haust 2023:
 - o Følgja prioriteringslista og byggja anlegg for anlegg.

Prioriteringslista gir rom for å byggja del for del, anlegg for anlegg. Det skal ikkje byggast anlegg som det ikkje er avtalt pris på, og det skal vera økonomisk dekning for det ein går i gong med før ein tek til.

Me har god tru på at me skal få til eit fantastisk nærmiljø- og fleiridrettsanlegg i Prestavikjo som vil gjera bygda endå meir levande, og gi eit aktivitetstilbod til alle.

Vedlegg:

Budsjett

Teikningar

Jon Bråtveit

Leiar for ressursgruppa «Prosjekt Prestavikjo – eit nærmiljøanlegg for alle!»

09.02.2023.